



Referat frå Fellesrådsmøte

Desse møtte: Gunmar Grimstad, Bjørg Vartdal Hareide, Lars

Sellereite, Kjersti Røyset Tøphol, Hege Tretnes, J., Lidvar
Arne Grimstad (1. vara), André Gjerde (2. vara) Leidulv Ø.
Grimstad (sokneprest), Barbro Landmark (kyrkjeverje,
sekretær).

Tysdag 17. okt. 2017

kyrkjekontoret

Meldt fråfall: Elisabeth Myrene (permisjon) Turid Engen,

Møtte ikkje: Wenche Iren Roppen, Kristian Fuglseth (kommunal representant i fellesråd),

Opning ved Andre Gjerde

Orienteringar:

- Referat frå underutval:
 - Arbeidsutvalet 10.10.
 - Kyrkjemusikalsk utval 04.10
 - Misjonsutvalet 05.10.
 - Undervisningsutvalet 19.09.
 - Mini og barnekantoriet 05.10.
- Møte med rådmannen; Leiar og fungereande kyrkjeverje møtte. Fekk orientering om omorganiseringa i kommunen og forslaget om å plassere soknet under den nye seksjon samfunnsutvikling. Rådmannen vart også orientert om kyrkjelydshusplanane. Begeistra!
- Stolar til kyrkja; må sjåast i samanheng med nytt golv/varme og planar for kyrkjelydshus. Søknaden på bispekontoret var «oversett», men er no komen på bordet og gitt 2-3 veker handsamingstid.

FR 30/17 Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vart sendt ut pr. e-post 12.oktober

Vedtak: Fellesrådet godkjenner innkalling og saksliste.

FR 31/17 Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte

Møteprotokollen vart sendt ut pr. e-post 18.september

Vedtak: Fellesrådet godkjenner referatet frå førre møte.

FR 32/17 Bruk av disposisjonsfond

Saksutgreiing:

Komiteen for kyrkjelydshus fekk eit godt tilbod frå ein arkitekt som hadde vore involvert i Hareid bedehus tidlegare. Firmaet hadde kapasitet til å kome med eit forslag umiddelbart, og komiteen såg det som fornuftig å nytte seg av dette. Fastpris for prosjektet vart avtalt og første faktura forfall straks.

Vedtak: Fellesrådet godkjenner bruk av inntil kr.50.000,- til forprosjektering av kyrkjelydshus. Dette skal dekkast av disposisjonsfondet.

FR 33/17 Framdriftsplan for kyrkjelydshus

Saksutgreiing:

Forslag til framdriftsplan:

- Komiteen fortsetter med det praktiske førebuingssarbeidet; kontakt med kommune, søknad om støtte osv.
- Staben arbeider med bruken av huset/kontor/romplan; nov.
- KFUK-KFUM får uttale seg om bruken av huset/romplan; des.
- Bedehusstyret får uttale seg om bruken av huset/romplan; des.
- Orientering på soknet sitt årsmøte neste år; mars
- Innsamling av pengar ved konserter, arrangement det er naturlig eller lage nye
- Byggestart 2020/21

Vedtak:

1. *Fellesrådet har som intensjon å ta over Hareid bedehus og nytte det som kyrkjelydshus.*
2. *Fellesrådet godkjenner framlagte framdriftsplan, med sikte på endelig vedtak innan utgangen av juni 2018.*

Ref.

Barbro Landmark

Fungerande kyrkjeverje